



I flere av plakattavlene trengst det ny og oppdatert informasjon.

Festidalen pyntar og Informasjonstavla i sentrum er eit av fleire blikkfang. Men då verkar det litt stussleg når fleire av plakattavlene er tomme eller er fylt med lite aktuell informasjon. Uskedal utvikling oppmodar 'eigarane' om å sjå over sine areal og fylla plakattavlene med aktuell informasjon. Dersom ein ikkje ynskjer å bruka sin boks, vurder om andre kan ha meir nytte av plassen.

Den store informasjonstavla, laga av Ove Stokka, har tre felt: Venstre flanke er for turistinformasjon. Den høgre sida er for allmenn informasjon, kunngjeringar om møte og arrangement. Midtfeltet er betalt plass der kvar verksemd har sin plass med eigen plakattavle

Det vert rådd til at alle ser over sine bokser og gjer det beste med å bruka plassen til godt synleg informasjon med store skrifttypar og gode bilete.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal